

# VALLE KOMMUNE

Rådmann

Det kongelige kommunal- og regionaldepartement  
Postboks 8112, Dep.

0032 Oslo

Vår ref:  
2005/867-3

Sakshandsamar:  
Vidar Homme  
☎ 37937500  
post@valle.kommune.no

Arkiv:  
200

Dato:  
01.02.2006

## **Høyringsvar - NOU 2005:18 Fordeling, forenkling, forbetring - Inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar**

Valle kommune har slikt høyringsvar i ovannemnde sak:

### *Saksprotokoll i Formannskapet - 31.01.2006*

#### **Vedtak:**

Valle kommune har desse merknadene til NOU 2005:18 Fordeling, forenkling, forbetring - Inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar:

1. Inntektssystemutvalet har hatt ei samansetjing der ikkje små kommunar har vore representerte. Dette er uheldig, og bør rettast opp i samband med framtidige utgreiingar med konsekvens for kommunesektoren.
2. Generelt gjeld det at kommunane må tilførast nok økonomiske ressursar framover for å sikre eit levande lokaldemokrati, eit velfungerande og godt tenestetilbod, ei truverdig forvaltning og utøving av delegert mynde frå staten og ei positiv nærings- og folketalsutvikling.
3. Regiontilskotet må oppretthaldast som verkemiddel for å sikre busetjing i heile landet. Tilskotet kompenserer smådriftsulempene mindre kommunar har.
4. Basistilskotet bør av same årsak styrkast endå meir enn det utvalet legg opp til i høyringsframlegget.
5. Eigedomsskatt, konsesjonskraftinntekter og konsesjonsavgifter må framleis haldast utanfor inntektsutjamninga fordi desse inntektene er kompensasjon til kommunane for eksternt påførte ulemper, og utnytting av lokale naturressursar.
6. Regelverket for eigedomsskatt må endrast slik at kommunane vert gjevne større lokal fridom til å fastsetje omfang og satsar.
7. Ordninga med ein kommunal del av selskapsskatten må førast vidare, men eit breiare fordelingsgrunnlag bør utgreiast. Det er eit problem at gjeldande fordelingsordning favoriserer kommunar med arbeidskraftintensiv næring, framfor kommunar med kapitalintensiv eller naturintensiv næring.

8. Utgiftsutjamninga bør førast vidare og ordninga med oppdaterte innbyggjartal som grunnlag er rettvis. Det bør likevel sikrast at kommunar med negativ folketalsutvikling, og dermed mindre ressursar tilført frå staten, vert kompensert slik at nødvendige omstillingar av tenestetilbodet kan gjennomførast på ein forsvarleg måte.
9. Ved endringar i inntektssystemet er det viktig med overgangsordningar som gjev kommunane tilstrekkeleg tid til omstilling.
10. Naturressursskatten må utvidast til å omfatte industriell bruk av andre naturressursar, som til dømes vindkraft og oppdrettsanlegg.

Med helsing

Vidar Homme  
Rådmann